

Kvinnherad idrettsråd



Årsmelding for 2025 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 9. juni 2026 på Rådhuset i Rosendal.

Styret denne perioden har vore:

Eskil Moen (leiar), Trio II
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI
Håkon Askeland, Ternen II
Ole Femsteinvik, Strand-Ulv II
Jannicke Næs Sundal, Rosendal Rideklubb
Sigmund Askeland, Kvinnherad Motorsportklubb

Vararepresentantar

Emil Solli Stafsnes
Einar Oppedal

Kontrollutval

Willy Kalsås
Tor Øystein Havnerås

Styret har hatt to møte i perioden. Drifta vert finansiert med kontingent frå medlemslaga.

Samarbeid med idrettslaga

Heimeside, eiga Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemene.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradsmeisterskap i idrett. Det har ikkje vore førespurnader om medaljar i 2024 eller 2025. Idrettsrådet vil senda ei påminning om denne ordninga til aktuelle idrettslag, til dømes innan ski, skyting og friidrett.

Idrettsrådet deler kvart år ut breiddeidrettsstipend for å stimulere til satsing blant unge idrettsutøvarar, dommarar, idrettsleiarar og idrettslag, med vekt på ny aktivitet og integrering. Stipendet går til idrettslag registrerte i Kvinnherad. I 2025 vart stipendet på 20 000 kroner tildelt Idrettslaget Ternen for prosjektet «Kick-off for skiaktivitet – samling for alle lokale idrettslag». Målet med prosjektet var å samle barn og ungdom frå heile kommunen til ein dag med aktivitet, meistring og sosialt fellesskap i Tveitedalen. Arrangementet skulle vere ope for alle lokale idrettslag og bidra til auka deltaking i skiidretten, både for nybyrjarar og erfarne.

Lokalidretten og kommunen

I perioden har idrettsrådet forsøkt å organisera besøk hos Rosendal Rideklubb og Kvinnherad Golfklubb utan å lukkast.

Styret har ein ambisjon om å halda fram med møte og besøk hjå lokallaga. Dette vil bidra til tettare dialog med styra i klubbane og styrkja samspelet mellom idrettslaga og kommunen.

KIR har behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad.

Idrettsrådet, ved leiar, har hatt løypande kontakt med idrettskonsulenten i kommunen. Leiaren har òg hatt dialog med leiinga i Kvinnherad Arena, som har orientert om aktiviteten i hallen.

Organisasjonsledd i NIF

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Idrettsrådet fordelte mellom medlemene i 2025 ordinære LA-midlar på kr 1 321 000. I tillegg til dette var Kvinnherad tildelt to puljar med ekstraordinære midlar, til saman kr 244 000. Dette er spelemidlar øyremerkt aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6-19 år.

Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet. Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp i samsvar med fastsett skala, til saman kr 57.500, imens kr 20.000 vart delt ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddestipendet.

Dei resterande midlane vart fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i SportAdmin.

Samfunnsoppdrag

Kvinnherad kommunen sin ordning med Fritidskort reduserer behov for at frivilligheita må administrere løysningar for familiar med låg inntekt. Idrettsrådet vil difor redusere fokuset på arbeid med resurkontakt i idrettslaga.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 9. juni 2026

Eskil Moen
styreleiar

Anna Prestnes
nestleiar

Gunnar Våge
Kasserar

Håkon Askeland

Ole Femsteinvik

Jannicke Næs Sundal

Sigmund Askeland